

Fra: Aasheim Geir Raustein [geir.aasheim@skl.as]
Sendt: 2. oktober 2013 23:58
Til: NVE
Emne: Saksnummer 200702715, Vassuttak og regulering av Storavatnet - Erko Settefisk AS

Viktighet: Høy

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Hei

Eg vil komma med nokre uttalelsar i samband med søknad om vassuttak og regulering av Storavatnet.

I søknadspapira er det skrive at Storavatnet har liten verdi for brukerinteresser og friluftsliv. Dette meiner eg er heilt feil, Storavatnet er mykje i bruk heile året. Om sommaren blir det bada mest rundt heile vatnet.

Storavatnet er og mykje brukt til padling sidan det er mange vikar og bukter som kan utforskast. Det er og ein del fiske som pågår i vatnet.

Om vinteren er det eit yrande liv på Storavatnet når isen har lagt seg.

Det er søkt om å etablera ein demning i Storavatnet, denne seier dagleg leiar i Erko Settefisk at dei ikkje kjem til å etablera(ref Leif Rune Pedersen på møte i Heishuset på Litlabø 10/9-13)

Det er søkt om eit vassuttak på 20 m³/minutt. Dette er mykje meir enn Erko Settefisk kjem til å nytta til anlegget. (uttale frå Pedersen på møte 10/9-13)

Erko Settefisk planlegg å ha eit resirkuleringsanlegg med ein resirkuleringsgrad på 95%.

For å oppnå ein slik resirkuleringsgrad er dei avhengig av at biofilteret virkar som det skal, kan ein stola 100% på det?

Dersom ein til dømes bare oppnår ein resirkuleringsgrad på 50% vil ein dermed måtte bruka 10 gongar så mykje vatn som planlagt.

Kva om dette skjer i tørkeperiodar?

På spørsmål frå underteikna om kva dei vil gjera når vannstanden i Storavatnet kjem ned til LRV, svara han «Då må eg begynna å slå i hel 5 mill fisk» (Ref Pedersen på møte 10/9).

Kva vil NVE gjera når spørsmålet om å gå under LRV kjem?

Dersom det skal bli gitt konsesjon til vassuttak frå Storavatnet, meiner eg det er viktig at LRV, HRV og normalvasstand blir definert rett.

I søknaden er normalvasstand oppgitt til både 10 moh og 10,5 moh. Her må det målast inn eit offisielt referansepunkt, for eksempel 10,5 moh, før søknaden blir behandla ferdig.

Dette punktet må gjerast kjent for alle brukarar og grunneigarar i Storavatnet, og det må bli anledning til å komma med kommentarar på dette før endelig behandling av søknaden.

Slik det er no blir det bare eit tal som ingen egentlig veit kva representerar.

Det må og etablerast vasstandsmåling i Storavatnet som er tilgjengelig for alle som ynskjer det.

Eg meiner og at det er noko uklart tallgrunnlag i søknaden.

Det er oppgitt ein tilgjengelig vassmengde på 41,9 mill m³, som er oppgitt som midlere årstilsig. Søkt vassmengde basert på gjennomsnittlige månedlige vassuttak oppgitt i søknaden blir ca 6 mill m³/år, mens det i punkt 1.3.3 i «Skjema for dokumentasjon av hydrologiske forhold for fiskeanlegg med konsesjonsplikt» er oppgitt maks årlig uttak på 23,65 mill m³/år. Dette vil gi ein årsmiddel på ca 45 m³/min som er langt over 11,5 m³/min oppgitt i søknad. Eg stiller og spørsmål med at det i same punkt er oppgitt at søkt uttak er 14% av årlig tilsig, 6 mill m³/år => 14% mens 23,65 mill m³/år => 56%.

I NVE-dokument 200806510-1 «Endring av forvaltningspraksis av settefiskanlegg» står følgande:

- Det er betydelig variasjon i vannføringen i et vassdrag gjennom året og mellom år. I søknader om etablering av nye settefiskanlegg eller varig økt vannuttak i eksisterande anlegg må derfor søker redegjøre for de hydrologiske forholdene i vassdraget og spesielt for tørrår. NVE vil legge tørrår til grunn når man skal vurdere hvor mye vann som kan tas frå vassdraget.

Erko Settefisk AS har, etter det eg kan sjå, søkt i forhold til middelår.

Dette er dermed ikkje i samsvar med endring av forvaltningspraksis som NVE sendte ut 16.12.2008.

Eg meiner derfor at NVE må avslå denne søknaden frå Erko Settefisk AS og be dei om å senda inn ny søknad der dei søkjer om det dei faktisk har tenkt å gjera i Storavatnet, og med rette verdier for tilsig/avrenning ved tørrår i henhold til NVE's forvaltningspraksis.

Mvh

Geir Raudstein Aasheim

Grunneigar Almåstre 15, Gnr/Bnr 56/36

Mobil 97556140

geir.aasheim@skl.as